



HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2280
Klubbnr. 12713



Månedsbrev for september 2010.

Årgang 46

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Vigdis Riise
Visepres: Magnar Hatløy
Sekretær: Odd Arne Holstad
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres: Oddvar Haugen
Styremedlem: Anders Riise
Styremedlem: Jarle Kristiansen
Ansv.red.: Håvard Myrene
Referent: Sverre Bjåstad

Fødselsdagar i september:

Liv Jøssok	15. september
Johs. Hareide	16. september
Oddvar Haugen	18. september
Ingar Bigset	25. september
Kirsti H Øvrelid	30. september

Frammøteprosent i sep: 51,6 %

Når skumringen synker.

Jeg længes ei mer mod den store by;
jeg står og ser fra min sude
mod kvældhimlens fred.
Jeg ruller gardinerne langsomt ned
og stænger alverden ude.

Min ungdom svandt i den store by,
men ei jeg længes tilbage.
Thi der har jeg grædt
mit hjerte så sygt og så dødsens træt
i tunge nætter og dage.

Du dybe, lægende ensomhed,
som altid omkring mig svæver,
jeg sænker mig ned
så trygt i din store, velsignede fred,
og hjertet taknemlig bæver.

Vilhelm Krag (1898)

Måndag 6. sept.

Denne dagen var avsett til dugnad på rotarystien. Dette er eit viktig arbeid. Ein kunne ønskt at fleire enn dei om lag 10 som møtte hadde vore med.

Måndag 13. sept.

Program i dag er at Johs. Christian Riise fortel om turen han saman med 3 kameratar var med på til Sør-Afrika i høve fotball-VM.

Johs hadde laga ein video med både bilde og musikk som fortalde om turen. Ryddig og underhaldande lagt opp.

Reisekameratane var Bernt-Aage Ulstein og Are Riise. Dette var ein tur dei hadde bestemt seg for allereie for 4 år sidan. For dei av oss som les Vikebladet, veit vi at gutane skreiv 3 fylldige reisebrev til avisa i juni.

Frå foredraget til Johs denne kvelden refererer eg i stikkords form:

- Reisa tok 12 dagar. Flyturen tok 25 timar frå Vigra til Durban.
- Dei fekk ein forsmak på kva som venta då dei mellomlanda i Johannesburg. Landet stod fullstendig på hovudet pga fotball-VM. Folk med kostymer i alle fargar song, dansa og bles i sine karakteristiske "vuvuzelaer".
- Første del av turen var sett av til safari i nasjonalparken Hluhluwe som ligg midt i Zululand om lag 3 timar køyring nordaust for Durban. Dei fekk oppleve eit område med mange dyr utanom dei 5 store; leopard, løve, elefant, flodhest og sjiraff. (Ref. sin merknad: Trur ikkje sjiraffen er med mellom dei 5 store i Afrika. Det er derimot bøffelen). Høgdepunktet var ein han-elefant som følgde i sporet til flokken sin. "- hadde vi ikkje flytta bilen vår ut av vegen hans, hadde han garantert gått rett på oss".
- Zulu tyder himmel og det har Zululand mykje av. Himmelfolket er stolte og gjestfrie menneske som vaktar landskap og dyr med stor respekt.
- Etter safarituren vart det to fotballkampar. Fekk oppleve at Tyskland slo Australia 4-0 og at Sveits sensasjonelt slo Spania 1-0. Siste kamp dei fekk med i Durban var at Nederland oppskriftsmessig slo Japan. Resultat: 1-0.
Durban var ein ferieby. Var tydeleg vaska ned i høve VM. Gatelys om natta og stort innslag av fargar. Nyttaste siste dagen der til å vitje den nydelege badestranda og det 5. største akvariet i verda.
- Neste stopp var Johannesburg som med 3,2 mill innbyggjarar er Sør-Afrika sin største by. Byen er eit økonomisk sentrum i landet med gull og diamantar som hovudhandel. Han har utvikla seg til kanskje verdas farlegaste by. Høge murar og piggråd fortel sitt.
- I denne byen fekk ein føle at i juni er det vinter der sør. Med bra temp på dagen, vart det netter med temp på berre 2 grader celsius.
- Svært mange av bygga i sentrum stod tome og godt låste med kjetting. Mange hadde flytta ut av eit farleg sentrum.
- Besøkte sjølvsagt Apartheidmuseet. Ei stor oppleving. Vart orientert om det store gullrushet rundt 1880, innføringa av apartheid i 1948 og avviklinga av det rasediskriminerande systemet i 1994.
- Soweto (SOUTH WESTERN TOWNSHIP) inneheld offisielt 2 mill innbyggjarar, men sannsynlegvis er der det doble, meinert Johs. Byen er plassert rett utanfor Johannesburg for å sikre at dei farga hadde ein stad å bu og samstundes kunne vere nære nok sine arbeidsplassar. Men frå å vere i utgangspunktet ein oppbevaringsplass for mørkhuda, er bydelen i dag i rivande utvikling. Han har i dag eige universitet, store kjøpesenter i det såkalla Soweto Beverly Hills der m.a. Nelson Mandela og biskop Desmond Tutu har bustad.
Til slutt vitja gutane Hector Pieterse-museet. Soweto-opprøret 1976 starta då dei styrande bestemte at alle born og unge berre skulle lære afrikaans på skulen, - ikkje engelsk. Tusenvis av ungdommar demonstrerte og Hector Pieterse var den første som vart skoten i blodbadet. Nett på den staden ligg museet i dag.

Vi takkar Johs for forteljinga hans frå turen. Vi sit att med inntrykk av at opplevinga av landet og folket der sør har sett sterkaste spor hos han enn fotballresultata. Alle i salen gav uttrykk for at vi hadde fått vere med på ei lærerik reise.

Måndag 20. sept.

Besøk på i ridehallen i Hjørungavåg.

Den daglege leiaren av rideklubben Sigurd Liavåg, møtte oss i den nye hallen, sitjande på ein hest. Han fortalde oss om den nye ridehallen og regionsenteret for hestesport som no var bygd opp i Hjørungavåg.

- Klubben starta i 1999 som eit vanleg idrettslag. Men i dag driv dei m.a. idrettskule med 30 elevar. Kursa vert lett fullteikna. Har også øving/ trening for psykisk utvikingshemma.
- Klubben disponerer 3 hestar. Det er vanskeleg og dyrt å få tak i gode hestar.
- Det er dyrt å drive med hest. Men folk er viljuge til å betale. Å bruke ein hest i 1 time kostar 150 kroner.
- Hallen: Ideen om hall kom i 2004. No står hallen her nesten ferdig og har kosta 3,5 mill kroner. Det har vore mogleg å få til takka vere sponsing med kr 600 000 frå Hareid kommune, 100 000 frå Ulstein kommune og 1 mill av tippemidlar. Dessutan fleire private sponsorar. Utebana vart laga i 2001 utan offentleg stønad.
- Arealet til hallen er på brutto 22 x 45 kvadratmeter.
- Klubben har ikkje eigen stall, men leiger av Sigurd Liavåg som har full stall til 14 hestar.

Det er ikkje overraskande at Sigurd fortel at det er mest jenter som er med i klubben.

Sigurd utfordra medlemmane til å prøve hesten han sat på. Det var ordførar Hans Gisle Holstad som våga ta mot utfordringa. Og han fekk seg ei varsam runde på den rolege og veldisiplinerte hesten.

Sigurd utfordra medlemmane til å prøve hesten han sat på. Det var ordførar Hans Gisle Holstad som våga ta mot utfordringa. Og han fekk seg ei varsam runde på den rolege og veldisiplinerte hesten.

Til slutt overrekte president Vigdis Riise blomar til Sigurd og takka for orienteringa.

Måndag 27. sept.

Som siste måndag i månaden var møtet som vanleg programfritt. Men eitt viktig innslag baud møtet på likevel. Etter opningssong og president Vigdis Riise si opplesing av eit dikt av Olav H Hauge var det opptak av to nye medlemmer til klubben. Seremonimeister Elias Sellevoll leia opptaket og orienterte kort om kva ideen bak Rotary var og korleis den hadde utvikla seg. Dei nye medlemmane var: **Dagfinn Paus og Bernhard Harkjerr.** **Jan Håvard Nytun** var fadder for begge.



Velkomne til Hareid Rotaryklubb.

Frå venstre: Fadder Jan Håvard Nytun, Bernhard Harkjerr, Dagfinn Paus og seremonimeister Elias Sellevoll.